


TYSNES KOMMUNE

Delegasjonsreglement

Vedteke i kommunestyret: 15.12.20



Innhald

Del 1. Generell	3
1.1 Føremål	3
1.2 Grunnleggjande prinsipp:.....	3
1.3 Avgrensing	3
1.4 Høve til å delegera vidare.....	3
1.5 Tilbakekalling.....	3
1.6 Rett til å la vera å nytta delegert mynde.....	4
Del 2: Delegering til politiske organ	4
2.1. Oversikt over kommunale utval og råd.....	4
2.2 Kommunestyre	4
2.3 Kommunestyre sin vedtaksmynde	4
2.4 Delegering av mynde til folkevalde organ etter kommuneloven § 5.1	4
2.4.1 Formannskap	4
2.4.2 Formannskapet sitt vedtaksmynde	5
2.4.3 Formannskapet sine økonomiske fullmakter	6
2.4.4 Tenesteutval.....	6
2.4.5 Tenesteutvalet sitt vedtaksmynde	7
2.4.6 Tenesteutvalet sine økonomiske fullmakter	7
2.4.7 Utval for landbruk og teknisk	7
2.4.8 Utval for landbruk og teknisk sitt vedtaksmynde	8
2.4.6 Utval for landbruk og teknisk sine økonomiske fullmakter	8
2.4.7 Kontrollutval.....	8
2.4.8 Kontrollutvalet sitt vedtaksmynde	8
2.4.8 Kontrollutvalet sine økonomiske fullmakter	9
2.4.8 Eigedomsskattenemnder.....	9
2.4.8 Eigedomsskattenemndene sitt vedtaksmynde.....	9
2.4.9 Delegering av mynde til andre organ etter kommuneloven § 5.2.....	9
2.4.10 Administrasjonsutval.....	9
2.4.11 Administrasjonsutvalet sitt vedtaksmynde	9
2.4.12Elderåd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10
2.4.13 Ungdomsråd	10
3. Ordføraren.....	10



3.1 Ordføraren sitt mynde	10
3.2 Ordføraren sine økonomiske fullmakter	11
4. Rådmannen	11
4.1 Rådmannen sitt mynde.....	11
4.1.1 Fullmakt til å teikna dokument	11



Del 1. Generell

1.1 Føremål

Tysnes kommune sitt delegasjonsreglement skal skape naudsynt klarheit i ansvars- mynde og oppgåvefordeling mellom ulike politiske utval og i tilhøve til administrasjonen.

Føremålet med reglementet er å leggja tilhøva til rette for eit funksjonelt kommunalt sjølvstyre, effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon.

For å ivareta føremålet er det viktig at fordeling av ansvar mellom kommunestyre og andre politiske organ eller administrasjonen er avklart slik at det verkar til:

- Vitalisering av kommunestyret
- Sikrar effektiv og god sakshandsaming
- Sikrar rettstryggleik for innbyggjarane
- Sikrar gode rutinar for tilbakemelding mellom organ som har delegert mynde.

1.2 Grunnleggjande prinsipp:

Det skal være et tydelig skilje mellom politikk og administrasjon. Alle prinsipielle saker skal handsamast politisk. Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, skal ordførar og rådmann avklare dette om ikkje det vert semje mellom utvalsleiar og administrasjon.

All delegering tar utgangspunkt i kommunestyre. Kommunestyre kan delegera til politiske utval og til rådmannen. All delegering frå politiske organ til administrasjonen skal skje til rådmannen.

All delegert avgjerdssrett må brukast i samsvar med lover, føresegner og retningsliner gjeve av overordna organ og innanfor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan og kommuneplan

1.3 Avgrensing

Reglementet omfattar mynde som er tillagt kommunens politiske nivå og ikkje myndighet, fullmakter og plikter som er tillagt administrasjonen direkte i lov eller forskrift.

1.4 Høve til å delegera vidare

Den, eller det utval, som er delegert mynde i samsvar med dette reglementet har rett til å delegera sitt mynde vidare så framt det ikkje er i strid med lov, eller dette reglementet.

1.5 Tilbakekalling

Eit overordna organ kan krevja å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

I størst mogleg grad bør det vurderast om delegasjonsreglementet skal reviderast der overordna organ tar tilbake delegert fullmakt.



1.6 Rett til å la vera å nytta delegert mynde

Den som har fått delegert avgjerdssrett kan overlata til det overordna organet å ta avgjelder i særskilde saker.

Del 2: Delegering til politiske organ

2.1. Oversikt over kommunale utval og råd

Folkevalte organ etter kommuneloven § 5-1	Andre kommunale organ etter kommuneloven § 5.2
Kommunestyre	Administrasjonsutval
Kontrollutval	Ungdomsråd
Formannskap	Elderåd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Tenesteutval	
Utval for landbruk og teknisk	
Eigedomsskattenemnder	

2.2 Kommunestyre

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen.

Kommunestyret gjer vedtak på vegner av kommunen, om ikkje anna følgjer av lov.

Kommunestyret kan delegera mynde til å gjera vedtak til andre folkevalte organ, ordføraren eller rådmannen innanfor rammene av kommunelova og anna lovverk.

2.3 Kommunestyre sin vedtaksmynde

Kommunestyre har vedtaksmynde i alle kommunale saker så framt det ikkje er avgrensa av lov.

2.4 Delegering av mynde til folkevalde organ etter kommuneloven § 5.1

2.4.1 Formannskap

Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker om ikkje noko anna følgjer av lov.

Formannskapet er plan- og økonomiutval, lokalsamfunnsutviklar, næringsutval, kulturutval valstyre og skatteutval.

Formannskapet har generelt større mynde enn dei andre faste utvala.

Tysnes formannskap skal behandle saker av prinsipiell karakter innan følgjande områder:



- Overordna kommuneplanlegging
- Tverrsektoriell planlegging
- Budsjett og økonomisaker
- Skattevedtak og skatteutvalssaker
- Forvaltning av kommunal eidegom, under dette leige, kjøp og sal av eidegom
- Infrastruktursaker, under dette kommunale vegar og anna communal infrastruktur.
- Næringssaker
- Årsmeldingar
- Kultur, under dette bibliotek, kulturminnevern, idrett, song, musikk. Spørsmål i høve til kyrkje og religion.
- Kommunale sals- og skjenkeløyve, under dette gebyr og løyver
- Alkoholkontroll
- Saker knytt til akvakultur
- Miljø og naturvern
- Friluftsliv og nærmiljø
- Innkjøp
- Saker og oppgåver lagt til formannskapet ved lov
- Regionale og nasjonale høyringar av prinsipiell og sektor overgripande art
- likestilling og diskriminering
- Informasjon
- Samfunnstryggleik og beredskap

2.4.2 Formannskapet sitt vedtaksmynde

Formannskapet gjev tilråding direkte til kommunestyre i dei sakene som skal til endeleg vedtak i kommunestyre innan sitt arbeids- og ansvarsområde. Utvalet gjev i tillegg tilråding til kommunestyre i overordna plan- og økonomisaker og i større tverrsektorielle saker som i utgangspunktet sorterer under eitt av dei andre to faste utvala.

Det er ikkje krav om tilråding i val- eller tilsetjingssaker.

Formannskapet har innanfor sine verkeområde fullmakt til å avgjera:

- saker av prinsipiell art
- legge planer ut på høring
- saker om rapportering
- oppfølging av vedtekne planar

Der desse sakene vedkjem andre utval vert saka først handsama i det relevante utvalet. Formannskapet uttaler seg på vegne av kommunen i regionale og nasjonale høyringar av prinsipiell art.

Formannskapet kan treffe vedtak på vegne av kommunestyret i hastesaker, jf. kommuneloven §11-8 første ledd. I den grad hastekompetanse vert nytta skal det gå fram av handsaminga og saka skal meldast til kompetent organ som referatsak.

Formannskapet er kommunen sitt faste klageutval for einskildvedtak der det ikkje er oppnemnd eksternt klageorgan, eller anna er fastsett i kommunestyre sine reglement.



Formannskapet kan oppretta sakskomitéar for særskilde saker som innanfor fastsett mandat gjev ei tilråding til utvalet. Vidare kan formannskapet som ledd i arbeidet sitt halsa temamøte og opne høyringar. Formannskapet kan ikkje delegera sitt vedtaksmynde til sakskomité.

2.4.3 Formannskapet sine økonomiske fullmakter

Formannskapet innstiller til vedtak i kommunestyret i økonomisaker som nemnt i kommuneloven § 14-3 tredje ledd, og til skattevedtak.

Formannskapet har fullmakt til å endra rammene for andre hovudansvarsområde gjennom posten for tilleggsloyvingar og til å eventuelt fastsetja nærmere vilkår for desse.

I investeringsbudsjettet har formannskapet fullmakt til å auka løyving til eit prosjekt mot tilsvarande reduksjon på andre prosjekt. Dette er avgrensa til prosjekt som ligg i investeringsbudsjettet.

Dersom driftsrekneskapen ved rekneskapsmessig avslutning viser eit meirforbruk har formannskapet fullmakt til å gjera vedtak om delvise styrkingar i samsvar med budsjett og rekneskapsforskrifta. Fullmakta femnar om heile årsbudsjettet.

Formannskapet har som økonomiutval fullmakt til å vedta endringar innanfor dei rammer som kommunestyre har vedteke.

2.4.4 Tenesteutval

Tenesteutvalet er utval for saker knytt til kommunale tenester og skal innan sitt arbeidsfelt sikra ei tenesteyting av høg kvalitet og effektivitet. Utvalet har eit særskilt ansvar for å sikra god service i overlevering av tenester og innbyggjarane sin kontakt med kommunen.

Utvalet har ansvar for å vurdera tenesteytinga i eit strategisk og overordna perspektiv med stor vekt på tverrfaglege tilnærmingar.

Utvalet kan få tildelt vedtaksmynde i einskildsaker

Utvalet har følgjande saksfelt:

- Barn sine oppvekstvilkår
- Barnehagar
- Grunnskule og skulefritidsordning
- Pp – tenester
- Kulturskule
- Vaksenopplæring
- Kommunale helseoppgåver
- Sosial tenester
- Tiltak for funksjonshemma
- Edruskap og rusmiddelvern
- Pleie og omsorgstenester
- Psykiske helsetenester
- Barnevern
- Helsestasjon og skulehelsetenester
- Jordmortenester
- Renovasjonsordning
- Folkehelse
- Brannførebyggjande arbeid og anna arbeid retta mot publikum.



- Utvalet gjev tilrådinga og handsamer saker knytt til trafikksikring opp mot formannskapet.
- Ovannemnde liste er ikkje uttømmande og utvalet kan ta saker knytt til tenesteleveransar sjølv om hovudansvar for saksområde er lagt til anna utval.
- Orientering om klientklager innanfor utvalet sitt arbeidsområde
- Andre saker som fell naturleg innanfor utvalet sitt ansvarsområde, eller som ordføraren pålegg dei å handsame.

2.4.5 Tenesteutvalet sitt vedtaksmynne

Tenesteutvalet gjev tilråding direkte til kommunestyre i dei sakene som skal til endeleg vedtak i kommunestyre innan sitt arbeids- og ansvarsområde. I overordna plansaker og i større tverrsektorielle saker og saker store økonomiske konsekvensar, eller saker som krev tilleggsløyvingar gjennom året gjev utvalet tilråding til formannskapet. Dersom ikkje kan avgjerast av formannskapet gjev dei endeleg tilråding til kommunestyre.

Utvalet har mynde til å avgjera følgjande saker:

- saker av prinsipiell karakter innan utvalet sitt virkeområde
- leggja planer innanfor utvalet sitt virkeområde ut på høyring
- saker om rapportering innan utvalet sitt virkeområde
- oppfølging av vedteken handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt virkeområde
- oppfølging av vedtekne planer innanfor utvalet sitt virkeområde

2.4.6 Tenesteutvalet sine økonomiske fullmakter

Tenesteutvalet skal handsame og gje uttale til budsjett og økonomiplan før formannskapet ferdigstiller framlegg til budsjett.

Tenesteutvalet føl opp vedteken handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt virkeområde.

Tenesteutvalet kan tilrå til formannskapet i saker knytt til å endra rammer for hovudansvarsområde gjennom formannskapet sin bruk av tilleggsløyvingar.

Tenesteutvalet kan tilrå formannskapet å auka løyvingar til eit prosjekt mot tilsvarande reduksjon på andre prosjekt, dette er avgrensa til prosjekt som ligg i investeringsbudsjettet.

2.4.7 Utval for landbruk og teknisk

Utval for landbruk og teknisk er utval for saker knytt til kommunal forvaltning innanfor fagområde landbruk og tekniske tenester. Utvalet er kommunen sitt faste utval for plan og byggjesaker etter plan- og bygningslova med unntak av kap. 9-11 (kommuneplannivå) Utvalet skal innan sitt arbeidsfelt sikra innbyggjarane sin rettstryggleik og at naudsynte vedtak vert gjort så effektivt som mogleg.

Utvalet har følgjande saksfelt:

- Oppfølging av kommunale arealplanar
- Koordinering av alle arealplansaker
- Vilt og innlandsfiskesaker
- Kart og oppmålingssaker
- Stad og vegnamnssaker.
- Vedtak etter hamne og farvasslova



- Vedtak etter plan og bygningslova
- Vedtak etter forureiningslova
- Vedtak innanfor landbruk (m.a. jordlov, skoglover, konsesjonslov og odelslov)
- Andre saker som fell naturleg innanfor utvalet sitt ansvarsområde, eller som ordføraren pålegg dei å handsame.

2.4.8 Utval for landbruk og teknisk sitt vedtaksmynne

Utval for landbruk og teknisk gjev tilråding direkte til kommunestyre i dei sakene som skal til endeleg vedtak i kommunestyre innan sitt arbeids- og ansvarsområde. I overordna plansaker og i større tverrsektorielle saker og saker med store økonomiske konsekvensar, eller saker som krev tilleggsloyvingar gjennom året gjev utvalet tilråding til formannskapet.

Utvale har mynde til å avgjera følgjande saker:

- saker av prinsipiell karakter innan utvalet sitt virkeområde
- leggja planer innanfor utvalet sitt virkeområde ut på høyring
- saker om rapportering innan utvalet sitt virkeområde
- oppfølging av vedtekne planer innanfor utvalet sitt virkeområde
- høyring og vedtak av planprogram for reguleringsplanar
- Mindre endringar av reguleringsplaner

2.4.6 Utval for landbruk og teknisk sine økonomiske fullmakter

Utval for landbruk og teknisk skal ha klager på einskildvedtak etter kommunalt gebyrregulativ til orientering der gebyr er utskrive med heimel i plan og bygningslova.

2.4.7 Kontrollutval

Kontrollutvalet skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret, men kommunelova gir ikkje utvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegner av kommunen.

Kontrollutvalet innstiller i alle saker lagt til utvalet sitt mynde til kommunestyre.

Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

For nærmare informasjon om kontrollutvalet sitt mynde og oppgåver vert det vist til kommunelova kap. 23.

2.4.8 Kontrollutvalet sitt vedtaksmynne

Kontrollutvalet har direkte innstillingssrett til kommunestyret i følgjande saker:

- Saker knytt til gjennomført forvalningsrevisjon/selskapskontroll. (Kommuneloven § 23-5)
- Rådmannen si oppfølging av kommunestyrets vedtak knytt til forvalningsrevisjon/selskapskontroll. (Forskrift om kontrollutval og revisjon § 5)
- Val av revisjonsordning og val av revisor. (Kommuneloven § 24-1)
- Val av sekretariat. (Kommuneloven § 23-7)



Kontrollutvalet kan ikke overprøva politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ, eller andre kommunale organ, jf. § 1 i Forskrift om kontrollutval og revisjon.

Dette gjelder også vedtak gjort etter delegasjonsfullmakt.

2.4.8 Kontrollutvalet sine økonomiske fullmakter

Kontrollutvalet føl opp vedteken handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt virkeområde.

Kontrollutvalet gjev sjølvstendig tilråding til budsjett for sitt arbeidsområde, framlegget skal følgja som særutskrift til kommunestyre si endelige handsaming.

2.4.8 Egedomsskattenemnder

Det er to nemnder oppretta for å ivareta kommunen sitt ansvar etter egedomsskattelova; Sakkunnig nemnd og Sakkunnig ankenemnd.

Virkeområde:

- Sakkunnig nemnd har fullmakt til å verdsetja egedomar som grunnlag for utskriving av egedomsskatt.
- Sakkunnig ankenemnd er klageinstans for alle einskildvedtak om egedomsskatt.

Sakkunnig ankenemnd er klageinstans for alle einskildvedtak om egedomsskatt.

2.4.8 Egedomsskattenemndene sitt vedtaksmynde

Nemndene skal verka i samsvar med kommunestyre sitt vedtak for egedomsskatt, under dette utskrivingsalternativ, fritak, skattesats med vidare.

Sakkunnig nemnd kan vedta:

- Verdsetjing av egedomar i samsvar med utskrivingsalternativ
- Retningsliner for verdsetjing av egedomar.

Sakkunnig ankenemnd kan vedta:

- Alle egedomsskatteklaiger som ikkje vert stetta i førsteinstans, dette gjeld også klagar på takster sakkunnig nemnd ikkje stettar klagan.

2.4.9 Delegering av mynde til andre organ etter kommuneloven § 5.2

2.4.10 Administrasjonsutval

Partssammensett utval skal handsama saker av prinsipiell karakter innan følgjande område:

- Tilhøvet mellom tilsette og kommunen som arbeidsgjevar
- Personalpolitiske planar og retningsliner
- Prinsippavgjersler knytt til tolking og oppfølging av vedtekne retningsliner

2.4.11 Administrasjonsutvalet sitt vedtaksmynde

Administrasjonsutvalet kan gje tilråding til vedtak av personalpolitiske planar og retningsliner til kommunestyret. I saker som har økonomiske konsekvensar skal utvalet gje tilråding til formannskap.



Utvalet har mynde til å avgjera følgjande saker:

- saker av prinsipiell karakter innan utvalet sitt virkeområde
- saker om rapportering innan utvalet sitt virkeområde
- vedtak om førebuing og utgreiing av saker innanfor utvalet sitt virkeområde.
- Uttale til framlegg til budsjett og økonomiplan.

2.4.12 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld eldre eller menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår i kommunen. Dette gjeld også reguleringsplanar, budsjett og økonomiplan. Rådet er ikkje tillagt avgjerdsmynne på vegner av kommunen.

Rådet føl opp vedteken handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt virkeområde.

2.4.13 Ungdomsråd

Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld ungdom sine levekår i kommunen. Dette gjeld også reguleringsplanar, budsjett og økonomiplan. Rådet er ikkje tillagt avgjerdsmynne på vegner av kommunen.

Ungdomsrådet føl opp vedteken handlings- og økonomiplan innanfor utvalet sitt virkeområde.

3. Ordføraren

Ordføraren er kommunen sin fremste politiske representant, og leiar av kommunestyret og formannskapet. Andre oppgåver, rettar og roller som er lagt til ordføraren er m.a.

- Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova
- Avgjera fordeling av saker til kommunestyret, formannskapet og dei andre utvala.
- Syta for at kommunestyret og formannskapet til ei kvar tid er best mogleg kjend med reglar for sakshandsaming, den økonomiske stoda i kommunen og andre grunnleggjande føresetnader for deira verksemd.
- Vera bindeledd mellom politisk nivå og rådmannen.
- Vera kommunen sin rettslege representant, og underteikne dokument i samsvar med dette.

3.1 Ordføraren sitt mynde

Ordføraren har mynde til å avgjera følgjande saker:

- saker av ikkje - prinsipiell karakter innan sitt virkeområde
- avgjersler om kva utval ei sak skal handsamast i der dette ikkje går klart fram av reglementet.
- fastsetjing av møteplan for den samla politiske aktiviteten for komande år eller halvår.
- Hastevedtak etter kommunelova § 11-8



Alle vedtak gjort med heimel i kommuneloven § 11-8 skal rapporterast tilbake til organet saka opphavleg skulle vore handsama av.

3.2 Ordføraren sine økonomiske fullmakter

Ordføraren har fullmakt til å endra rammene for andre hovudansvarsområde gjennom posten for tilleggsloyvingar avsett på sin funksjon og til å eventuelt fastsetja nærmere vilkår for desse.

4. Rådmannen

Rådmannen har direkte gjennom kommuneloven og uavhengig av delegeringsreglementet:

- løpende personalansvar for kommunen sin administrasjon.
- ansvar for heilskapleg internkontroll
- ansvar for heilskapleg og forsvarleg sakshandsaming

Rådmannen skal sikra god forvaltingsskikk i kommunen si verksemd. Rådmannen skal sikra at saker som vert lagt fram for folkevalte organ er forsvarleg utgreidd. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjera vedtak.

4.1 Rådmannen sitt mynde

Rådmannen vert gjeve mynde til å treffa vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Under dette har rådmannen også fullmakt til å gje uttale på vegner av kommunen i høyringar som ikkje er av prinsipiell karakter. Rådmannen har også rett til å treffa vedtak etter særlov så framtid vedtak ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har likevel ikkje rett til å treffa vedtak i klagesaker etter plan og bygningsloven sjølv om saka er kurant, altså saka ikkje er av prinsipiell karakter. Dette gjeld ikkje saker om gebyr.

I vurdering av om ei sak er av prinsipiell karakter skal det mellom anna leggjast vekt på følgjande:

- Vedtaket sin karakter og konsekvens
- Kommunen sin storleik
- I kva grad dei skjønnsmessige sidene er klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Dersom det er usikkert om ei sak kan vera av prinsipiell karakter skal ordførar alltid konsulterast.

4.1.1 Fullmakt til å teikna dokument

Rådmannen har fullmakt til å representera kommunen utad i privatrettslige forhold og teiknar avtaler og andre dokumenter på kommunens vegne (signerer for kommunen som rettssubjekt).



4.1.2 Fullmakt i rettergang og søksmål

Rådmannen har fullmakt til å vera kommunen sin partsrepresentant i rettssaker. Rådmannen har også fullmakt til å gjera vedtak om at kommunen skal gå til søksmål eller nytta rettsmidlar. Fullmakt til å initiera rettsprosesser er avgrensa til saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Ordførar skal til ei kvar tid vera orientert om rettslege prosessar.

4.1.2 Fullmakt til å melda straffbare forhold

Rådmannen har fullmakt til å melda saker på kommunen sine vegne. Dette mynde kan ikkje delegerast vidare.

4.2 Rådmannen sine økonomiske fullmakter

Rådmannen har ansvar og mynde til å disponere heile kommunen sitt budsjett, innafor vedtekne budsjettrammer, mål og retningsliner. Rådmannen har fullmakt til å regulera på tvers av hovudkapittel i budsjettet så framt det ikkje fører til prinsipielle endringar.

Rådmanen har fullmakt til å avgjere tidspunkt for opptak av lån, godkjenning av lånevilkår/ nye lån og refinansiering og opptak av konverteringslån utan utviding av lånesum.

